



KALD TELTBYGGING: Deltakarane er delte inn i familiar. Kulda riv godt i dei frosne kroppane, der dei jobbar på i 8 blå grader med å skaffe seg husly for natta.

90 ungdommar på flukt

■ Fekk oppleve livet som flyktning i leir

SAMFUNN: Det vart ei annleis helg for dei mange ungdomane som har valt humanistisk konfirmasjon. Rollespelet «På Flukt» var ein del av konfirmasjonsopplegget.

KARL JOHAN U. BAKKEN tekst og foto

FAKTA

■ Rollespelet «På flukt» vart utvikla i 1997 av den danske pedagogen Steen Cnops Rasmussen, og har gitt over 20 000 ungdommar ei annleis innsikt i verdssituasjonen.

Laurdag arrangerte Sogn og Fjordane Human-Etisk Forbund rollespelet «På Flukt» i samarbeid med Røde Kors Ungdom. Knappe 90 deltakarar frå heile fylket deltok på rollespelet som vart arrangert frå Luster vidaregåande skule i Hafslø. Konfirmantane skulle få kjenne på

kroppen korleis det er å flykte – om enn berre for 24 timar.

Hus av presenning

Klokka er 13. Staden er ein liten somalisk by. Familiane er travelt opptekne med å byggje provisoriske hus, med berre presenningar til å hjelpe seg med.

Så plutsleg, fire grønkledde menn kjem springande. I ein augneblink er kaoset komplett, for familiane legg på sprang vekk frå heimane sine. Flukta er i gang!

– Get on line! Vektarar i gangane kommanderer familiane på rekke, for dei blir ført inn til tollsjekk, og får sine personlege eigendelar endevende. Etter kvart er det fleire kontor som skal passerast, helsejekkjar som dei må ta og papir som må fyllast ut, for dei tilslutt, kanskje, får det

endelege papiret dei treng med utreiseløyve for å kome seg ut av landet.

Berre to får bli

Å vere på flukt er realiteten for over 40 millionar menneske verda over, inkludert dei som er fordrivne internt i heimlanda. Rollespelet «På flukt» ønskjer å gje ungdom eit innblikk i korleis dette er for dei mange fordrivne, og simulerer ferda frå utmarsj i Somalia til møtet med norske immigrasjonsstyresmakter og eit eventuelt endeleg opphald. Frustrasjonen er stor søndags morgon når berre to personar vert innvilga asyl i kongeriket Noreg.

Under evalueringa gjennomgår spelleiar gjennom heile rollespelet for å trekke trådar til røynda.

– Eg har aldri tenkt over kor godt vi faktisk har det her heime i Noreg, seier ein av ungdommane medan ho tygg på brødskiiva, under frukosten, søndag morgon.

Skribenten var medarrangør av «På flukt». Sjå heile bilethistoria på [internett på firda.no](http://internett.på.firda.no).

